



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Fordeling av skjønnsmidlar til nye kommunar som får utilsikta reduksjonar i inntekter som følgje av kommunesamanslåing

Vi viser til tidlegare korrespondanse gjennom breva hausten 2019 og fordeling av skjønnsmidlar i 2020 til kommunar som får utilsikta reduksjonar i inntekter som følgje av kommunesamanslåing, jf. vårt brev av 16.06.2020.

Av skjønnsmidlar som er avsette til fordeling i 2021 har Statsforvaltaren no fordelt til saman 7,5 mill. kroner til fem nye kommunar, som er berekna å få utilsikta reduksjonar i inntekter som følgje av kommunesamanslåing. Følgjande kommunar får i denne tildelinga skjønnsmidlar:

Kommune	kroner
4601 Kinn	2 000 000
4624 Bjørnafjorden	1 000 000
4626 Øygarden	2 000 000
4647 Sunnfjord	2 000 000
4649 Stad	500 000
SUM	7 500 000

I Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) sitt brev av 22.06.2020 om fylkesvise skjønnsrammer for 2021, er det bede om at fylkesmennene skal vurdere behovet for å tildele skjønnsmidlar til kommunar som får eit tap på grunn av utilsikta reduksjonar i inntektssystemet etter samanslåinga i 2020. Det vart gjort tilsvarande vurderingar i 2020, og Fylkesmannen i Vestland fordelte då til saman 13 mill. kroner, fordelt på fire kommunar.

I fordeling av skjønnsmidlar for utilsikta reduksjonar i inntektssystemet, har vi lagt til grunn endring av busetjingskriteriet sone, endring i distriktstilskot Sør-Noreg og inntektsutjamninga etter skatteinntekter. Vi har òg vurdert endringar i inntektsgarantiordninga, men lagt mindre vekt på dette ettersom slike endringar vanlegvis blir fasa raskt inn ved samanslåingar.

I tillegg til berekningar og vurderingar for utilsikta reduksjonar, har vi i fordelinga teke omsyn til:



- at føremålet med skjønnsmidlar er å fange opp lokale tilhøve som ikkje er vareteke godt nok i inntektssystemet eller gjennom andre tilskotsordningar
- ei heilskapleg vurdering av kommunanes økonomi og behov
- at skjønnsmidlar bør bli gitt på grunnlag av kommunen sin overordna økonomiske situasjon, og ikkje på grunnlag av tilhøve i einskildståande sektorar.

Vi ber om at departementet betalar ut midlane gjennom ein terminutbetaling av rammetilskotet.

Av ei samla skjønnsramme for 2021 på 145 mill. kroner, har Statsforvaltaren sett av 30 mill. kroner til fordeling gjennom året. Nyleg er det fordelt 14,025 mill. kroner til fornyingsmidlar (eiga sak til departementet på dette), slik at det etter fordelinga av 7,5 mill. kroner er att 8,475 mill. kroner til seinare fordeling.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG